

Fra: "Sølsnæs, Eyvin" <eyvin.solsnes@statsforvalteren.no>
Sendt: torsdag 11. januar 2024 13.10.49
Til: "NVE Postmottak" <nve@nve.no>
Emne: Fråsegn til søknad om mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Ståvatnet i Ullensvang kommune

Gjeld dykkar sak nummer 202318602, jamfør oversendte høyringsdokument 15.12.2023.

Det er planlagt å auke vasstanden i Ståvatnet over høgste regulerte vasstand (HRV) i perioden 1.3. – 6.4.2024. Føremålet er å redusere tilsiget til damanlegg nedstraums (Vinje kommune i Vestfold og Telemark), for å kunne gjennomføre planlagt rehabiliteringsarbeid. Rehabilitering av vasskraftanlegg har stor samfunnsverdi, og det må akseptast noko ulempe for allmenne interesser.

Auka vasstand i dette tidsrommet er venta å kunne svekke istilhøva langs land, og vil dermed kunne få konsekvensar for ferdsel på isen. Det går fram av søknaden/planen at tiltakshavar vil gå i dialog med turinteressene (Haukeliseter turisthytte). Vi reknar ikkje med at avviket frå manøvreringsreglementet vil påverke naturmiljø i nemneverdig grad.

Statsforvaltaren i Vestland har ikkje avgjerande merknader til tiltaket.

Med venleg helsing
Eyvin Sølsnæs
seniorrådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 57 64 31 35
E-post: eyvin.solsnes@statsforvalteren.no
Web: www.statsforvaltaren.no/vl